

## Nei til flytekai og takvinkel

21.01.2010

**Fleire byggesaker frå Uskedalen skal opp i forvaltningskomiteen til veka.Ei sak gjeld flytekai og ei anna takvinkel.**

\* Rådmannen går inn for at komiteen ikkje skal gje Brit Margrethe Dale dispensasjon frå reguleringsplanen slik at ho får anlegga flytekai med treplating på Skorpo. Det er søkt om å byggje flytekai på 3 X 6 meter med treplating i ymse nivå opp til hytta. Kommunen viser til at det ligg eit område for naust/båtplass like i nærleiken. Eventuelle kaiar bør planleggjast innanfor dette området og felles for dei hyttetomter som naturleg høyrer til dette, meiner administrasjonen.

\* Svein Ove Næss får tommelen ned av rådmannen for dispensasjon for byggjing av fritidsbustad på Ytre Eik. Bygget vil få 6,7 meter høgt møne med 3,2 meter gesimshøgde. Takvinkel er 45 grader og grunnflate 48 kvadratmeter. Dispensasjonen gjeld takvinkel og er grunngeven med at dei ynskjer ei bra utnytting av loftet. Reguleringsplanen med føresegner krev mønehøgde på 5 meter og gesimshøgde på 3 meter over ferdigterreng. Kravet til takvinkel er mellom 24 og 32 grader.

Administrasjonen seier nei og rår til at det vert søkt om eit alternativt bygg innanfor dei krav som er sett. Dette er den fyrste hytta som det er søkt om innanfor planen, Eit vedtak om å heva takvinkel til 45 grader vil føra til vesentlege endringar av planlagt miljø.

Av Ola Matti Mathisen